



## **Forskrift om utvida karantenereregler for fastboande og forbod mot innreise i Hjartdal kommune.**

### **Heimel:**

Fastsett av kommuneoverlegen i Hjartdal kommune 7.april 2020 med heimel i lov 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsomme sykdommer § 4-1 første ledd bokstav c og d og i samsvar med rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet frå 29. mars 2020 «Veileder til kommunene om lokale karantenereregler eller innreiserestriksjoner i forbindelse med utbruddet av Covid-19».

*Denne forskrifta avløyser Hjartdal kommunes forskrift av 02.04.20 – Forskrift om utvida karantenepåbod for fastbuande og forbod mot innreise i Hjartdal kommune*

### **§1 Føremål**

Føremålet med denne forskrifta er å beskytte eit sårbart helsevesen slik at naudsynt helse- og omsorgstenester i Hjartdal kommune blir oppretthalde. Føremålet er også å stoppe spreiring av covid-19 og beskytte sårbare grupper. Med tilvising til nasjonale tiltak og til Folkehelseinstituttets råd har kommunen vedtatt denne lokale forskrifta, jamfør kommunens delegeringsreglement.

### **§2 Vedtak omfattar følgende område**

Alle fylke og kommunar i Noreg, med unntak av Seljord, Kviteseid, Vinje, Tokke, Fyresdal, Nissedal, Midt-Telemark, Hjartdal, Tinn og Notodden.

### **§3 Utvida karantenepåbod for fastbuande i Hjartdal kommune**

Alle fastbuande som har vore utanfor Hjartdal kommune skal i heimekarantene i 14 dagar etter tilbakekomst til kommunen, med unntak av reise til dei kommunane som er nemnt med namn i § 2.

Dette gjeld også arbeidspendlarar som pendlar ut frå kommunen. Husstandsmedlemmar er ikkje omfatta av forskrifta. Det er ikkje utreiseforbod om ein er pålagt heimekarantene, men ein ny karanteneperiode vil starte opp ved ny innkomst til kommunen.

Dette gjeld óg studentar som kjem heim på påskeferie.

### **§4 Innreiseforbod**

Alle som har sin bustad utanfor Hjartdal kommune har forbod mot å reise inn til Hjartdal kommune, med unntak for dei kommunane som er nevnt med navn i § 2.

## **§5 Karanteneplikt som gjeld under dette vedtaket**

Ein person i karantene skal opphalde seg i eige heim eller på anna egna opphaldsstad. Personen kan bare opphalde seg utafor heimen eller opphaldsstad om nærkontakt med andre enn dei personane som vedkommande bor saman med, unngås. Personar i karantene etter denne bestemmelsen kan ikkje foreta følgende aktivitetar:

a) foreta lengre reiser innanlands eller reiser utenlands

b) ta offentleg transport

c) oppsøke stader kor det er vanskeleg å halde nødvendig avstand til andre personar. Personen som er i karantene, og som utviklar feber eller luftvegssymptomar som hoste eller tungpust, skal kontakte helsetenesta og framleis opphalde seg i karantene.

Om ein er utsett for smitte, som nærkontakt o.a, til ein med påvist smitte, gjeld nasjonale retningsliner for karantene.

## **§6 Isolering**

Personer som er bekrefta smitta av SARS CoV-2-virus, skal opphalde seg i isolering. Med isolering meines at personen oppheld seg i eige heim eller på anna egna opphaldsstad. Personen skal være isolert fra andre personer, og skal så langt det er mogleg ikkje ha nærkontakt med personer i same husstand.

Personar omfatta av fyrste ledd pliktar å halde seg i isolering frå symptomar inntre. Perioden for isolering skal være i samsvar med Helsedirektoratets anbefalingar.

## **§ 7 Reisande**

Alle reisande som ikkje har symptom kan reise til planlagt opphaldsstad, men bør under reisa så langt det let seg gjere halde avstand til andre. Alle reisande med symptom skal straks i isolasjon, og kan ikkje bruke offentleg transport.

## **§8 Unntak frå denne lokale innreiseforbud og karantenekrav:**

- DSB sin liste over samfunnskritiske funksjonar oppdatert til ein kvar tid:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/samfunnsikkerhet-og-beredskap/innsikt/liste-over-kritiske-samfunnsfunksjoner/id2695609/?expand=factbox2695627>

Personar som får unntak frå karantene-reglar i samband med arbeid kan illeggas restriksjoner når dei ikkje utførar arbeid eller gjennomfører reise som er naudsynt i samband med arbeid, på samme måte som i forskrift om smitteverntiltak mv. ved koronautbruddet (Covid-19-forskriften) § 6.5.

- Person- og varetransport (på veg, sjø eller bane eller i lufta)
- Medisinsk naudsynt besøk til helsevirksomheiter er ikkje omfatta av karantene reglane. Det gjeld både pasient/ledsager/pårørande og sjåfør.
- Besøk til alvorlig syke familiemedlemmar og deltaking i begravelse.
- Barn med foreldre som bur på ulik adresse kan reise fritt mellom bustadane.
- Tilsette i barnevernsteneste og bruk av barnevernstenesten.

- Personar som er på gjennomreise i kommunen må kunne gjere opphald som er naudsynt for å ivareta grunnleggande behov som for eksempel innta mat og drikke, drivstoff , lade el-bil, toalett.
- Alle næringsvirksomheiter som befinner seg i, eller utfører oppdrag i, Hjartdal kommune, men dei er pålagd å følgje nasjonale retningslinjer for smittevern, og fylgje råd frå kommuneoverlegen.
- Hytteeigare eller andre med store materielle verdiar innanfor Hjartdal kommune, og som er folkeregistrert i andre kommunar enn nemnd i §2, gjes løyve til å utføre «*strengt nødvendig vedlikehold eller tilsyn som er nødvendig for å avverge store materielle skader*» jamfør forskrift om karantene, isolasjon og forbod mot opphald på fritidseiendom mv. i anledning utbrudd av Covid-19, § 5. For desse gjeld fortsatt reglane i denne forskrifts § 7 om reisande.

Nasjonale føringar for karantene og isolasjon ved sjukdom gjelder og unntak som er nemnd overfor.

Det er gjeve eigne reglar om at forsvaret skal kunne forflytte seg uhindra i Noreg for å gjennomføre ordre eller oppdrag knytt til operasjonar, beredskap, krisehandtering eller styrkeproduksjon.

Kommunene har ikkje regler som krev at det i ein beredskapssituasjon brukes ressursar på å gi dispensasjonar eller løyve. Det bør ikkje krevs skriftleg dokumentasjon for å kunne godtgjere at man er omfatta av unntak frå lokale karantene- og innreisereglar.

## **§ 9 Iverksetting og varigheit**

Denne forskrifta gjeld frå tirsdag 7. april 2020 kl. 1200 og til og med mandag 13.april 2020.

### **Bakgrunn for saka:**

#### Rettsleg grunnlag:

Kommuneoverlegen har vore underlagt rådmannen på Notodden fram til juli 2019, då stillinga ble tatt tilbake til Hjartdal kommune. Hjartdal kommunestyre har delegert mynde for sml §4.1 via rådmann til leiar samfunnsutvikling, som har vore lokal leiar for kommuneoverlegen sitt arbeid i kommunen, og hatt vedtaksmynde etter medisinfagleg råd frå kommuneoverlegen. Delegasjonsreglementet skal etter planen reviderast i 2020, der den organisatoriske endringa blir innarbeida. I ein krisesituasjon som covid-19 utløyser, nyttar ein intensjonen i delegeringa, som vil si at kommuneoverlegen har mynde til å fatte vedtak etter sml §4.1.

Grunnleggande krav ved iverksetting av tiltak etter § 4-1 går fram av smittevernlova § 1-5:

«Smitteverntiltak etter loven skal være basert på en klar medisinskfaglig begrunnelse, være nødvendig av hensyn til smittevernet og fremstå tjenlig etter en helhetsvurdering. Ved iverksettelse av smitteverntiltak skal det legges vekt på frivillig medvirkning fra den eller de tiltaket gjelder.

Tvangstiltak kan ikkje brukes når det etter sakens art og forholdene ellers vil være et uforholdsmessig inngrep.»

Det blir også vist til Helse- og omsorgsdepartementet sin forskrift 13. mars 2020 nr. 287 om karantene mv. etter reiser utanfor Norden, og forskrift frå Helse- og omsorgsdepartementet 15. mars 2020 nr. 294 om karantene, isolasjon og forbud mot opphold på fritidseiendommer mv. i anledning utbrudd av Covid-19.

Når det er naudsynt for å førebygge eller motverke speiding av en allmennfarleg smittsom sykdom, kan kommunen fatte vedtak om «isolering av personer i geografisk avgrensande områder eller andre begrensingar i deira bevegelses fridom i opptil sju dagar om gangen», jf. smittevernloven § 4-1 bokstav d. Det kan vidare gis regler om stans eller begrensingar i kommunikasjonar i bokstav c.

"Isolering av personer i geografisk avgrensede områder eller andre begrensninger i deres bevegelsesfrihet" i § 4-1 fyrste ledd bokstav d. Etter ordlyden gir bestemmelsen kommunen heimel til «isolering av personer i geografisk avgrensede områder eller andre begrensninger i deres bevegelsesfrihet». Ordlyden omfattar befolkningsretta tiltak som gjeng ut på at befolkninga hindrast i å bevege seg fritt. Dette kan være tiltak som medfører at større eller mindre grupper må halde seg innafor eit område, eller plikter som påleggast tilreisande til eit geografisk område.

Tiltak i lovens kapittel 4 gjelder tiltak som retter seg mot ein ubestemt krets av personar (befolkningsretta tiltak), mens tiltaka etter kapittel 5 retter seg mot plikter for enkeltpersonar. I NOU 1990:2 på side 107 første spalte peikas det på at det "kan være aktuelt med tiltak som hindrer nærkontakt mellom et større antall personer, og spesielt hvis det gjelder personer som ikke omgås til daglig. Det kan tenkes at slike tiltak kan vise seg nødvendige, f.eks. ved utbrudd av ondartet influensa, eller ved utbrudd fremkalt av farlige smittestoffer som er fullstendig fremmede for den norske befolkningen, som man ikke kan beskytte seg mot ved vaksinasjon og som det ikke fins behandlingsmuligheter for. Såfremt smitteoverføringen skjer ved inhalasjonssmitte, dvs. dråpesmitte, kan tiltakene ha sin klare berettigelse". Dette avsnitt omfattar fullt ut situasjon med Covid-19 per i dag.

Covid-19 er erklært som eit alvorleg utbrot av allmennfarleg smittsam sjukdom som kan få alvorlege helsekonsekvensar for mange menneske. Sjukdomen er erklært som ein pandemi. Dette betyr at det er definert som ei alvorlig hending av tyding for internasjonal folkehelse av WHO.

Helsedirektoratet vedtok 12. mars 2020 omfattande tiltak for å hindre spreiding av covid-19 og for å bidra til å halde i hevd naudsynte helse- og omsorgstenester. Her vert det mellom anna sagt:

«Helsedirektoratet ønsker at innanlands transport skal gå mest mulig som normalt, men vi oppfordrar sterkt alle til å unngå fritidsreiser. Vi oppfordrar til å unngå reiser som ikkje er strengt nødvendig (både innanlands og utanlands), unngå offentlig transport viss du kan, unngå andre steder kor du lett kommer nær andre, unngå nærkontakt med andre.»

Covid-19-epidemien har i dag ulikt omfang i Noreg. Folkehelseinstituttet har uttalt at epidemien no har gått over i ei ny fase der ein ikkje har klart å identifisere smitteskjeda for alle som vert sjuke. Dette inneber at ikkje alle nye smittetilfelle lenger let seg spore til utlandet.

### **Krav til medisinskfaglig begrunnelse i § 1-5**

I vår region er smittepresset framleis lågt, og alle kjente smittetilfelle kan sporast. Vår kommune, på lik line med dei kommunar nemnd i §2, er i ein annan fase av pandemien enn andre delar av Noreg. Kommuneoverlegen ser det som avgjerande å redusere smittepresset frå utanfor regionen. Forbodet gjeld for dei nemnde kommunane ovanfor, med mindre anna særskilt vert bestemt.

Regionen er prega av små lokalsamfunn og lange avstandar, og kritiske samfunnsfunksjonar vil vere ekstra utsett her ved ein omfattande epidemi. Kommunane, med helse- og omsorgstenesta spesielt, har avgrensa kapasitet.

Kommuneoverlegen vedtek denne forskrifta med ynskje om å førebyggje og motverke spreing av covid-19, og det er avgjerande å få satt i verk tiltak raskt.

Smitteverntiltaket er ment for å begrense tilflytting til kommunen i påskehøytida, frå folk som kjem til kommunen frå andre områder med større smittespredning.

Auka folkemengde i påska medfører også auka belastning på helse og omsorgstenesta pga potensielle skader blant mennesker som ferdes i fjellet. Hvis det er luftveissymptomer i tillegg, må ansatte bruke smittevernsutstyr som vi har lite av fra før.

#### **Krav om naudsynte tiltak i §§ 1-5 og 4-1 første ledd**

Smitteverntiltak må være naudsynte av omsyn til smittevernet og for å førebygge eller motvirke smittespreidning.

Hjartdal kommune har eit veldig begrensa antal helsepersonell, og er svært sårbare om smitta brer seg i helsetenesta spesielt. Lageret av smittevernsutstyr held ikkje mange dagane. Sjølv om ein nå har fått noko betre tilgang til handskar og munnbind, vil ein fort gå tom for smittevernfrakkar. Ny tilgang til utstyr er ikkje kjend.

Vi har ikkje bekreftet smitte i kommunen ennå og tiltaka i forskrifta er for å hindre det, til vi får mer smittevernsutstyr for å jobbe med Covid-19 bekrefta pasientar.

Tiltaket vert vurdert som naudsynt både for å beskytte sårbare grupper og for å halde i hevd naudsynt kapasitet i helsetenesta i kommunen.

#### **Krav til vurdering av heilheit i § 1-5**

Smitteverntiltak skal fremstå som tjenlig etter en heilhetleg vurdering. Dette innebærer at den helsemessige nytta av tiltaket står i forhold til tiltakets øvrige samfunnsmessige konsekvenser. Kommuneoverlegen vurderer at den samfunnsmessige nytta ved smitteverntiltaket vil overstige den belastning og ulempe for dei tiltaket gjeld. Frivillig medverknad er vektlagt i vurderinga.

#### **Konklusjon**

Kommuneoverlegen vurderer at smitteverntiltaket har ei medisinskfagleg grunngjeving, er naudsynt av omsyn til smittevernet og for å halde i hevd tilstrekkeleg smittevernkapasitet i kommunen og i helse- og omsorgstenesta. Tiltaket vert difor vurdert som forholdsmessig og tenleg utifrå ei heilskapsvurdering. Det er teke inn unntak i samsvar med nasjonal rettleiar for å ivareta at reglane er forholdsmessige.

Kommuneoverlege Inga Tho

Hjartdal kommune, 7. april 2020